

Kommunane i landet

Deres ref.:
Vår ref.: 14/11533-1
Saksbehandler: Sigrun Heskestad
Dato: 16.12.2014

Kompetanseløftet 2015 - melding om rapportering og plantal 2014-2015

Kompetanseløftet 2015 er styresmaktene sin handlingsplan for rekruttering og kompetanseheving i dei kommunale omsorgstenestene. Det vil for 2015 bli utvikla eit nytt regelverk for tilskot til Kompetanse og innovasjon i tråd med kap. 761 post 68 i Prop. 1S (2014-2015). Det nye tilskotet omfattar m.a. tilskot til grunn-, etter- og vidareutdanningar under Kompetanseløftet 2015. Helsedirektoratet vil tidleg i 2015 informere om nytt regelverk og ny søknadsrutine.

Kommunar som har fått tilskot til kompetanseheving i 2014 og/eller som vil søkje om statleg tilskot til Kompetanse og innovasjon (herunder Kompetanseløftet 2015) må rapportere på vedlagte skjema 1 og 2 om resultat i 2014 og plantal for 2015.

Skjema 1 gjeld endringar i talet på årsverk i kommunal pleie- og omsorgsteneste, inkludert oversikt over tal på lærlingar i helsearbeidarfaget.

Skjema 2 gjeld utdanningstiltak som gir formalkompetanse og som kommunen bidrar til, samt Eldreomsorgens ABC og Demensomsorgens ABC. Tala skal vise kva som er nådd føregående år og kva som er planlagt i perioden 2015 – 2016 (- 2018).

Plantala skal vere i samsvar med vedtekne kommunale planar, budsjettvedtak eller rullerande økonomiplanar. Dette må vere dokumentert i ny søknad om midlar til fylkesmannen.

Skjema 1 og 2 kan lastast ned i Excel-format frå Helsedirektoratet si heimeside på http://www.helsedirektoratet.no/personell/kompetanseloftet_2015/ og frå fylkesmennene sine heimesider. Rettleiing til utfylling ligg inne i sjølve rapporteringsskjema.

Utfylte skjema skal sendast elektronisk til fylkesmannen som vedlegg til e-post innan 1. februar 2015. Det skal ikkje sendast kopi til Helsedirektoratet. Ta kontakt med fylkesmannen i ditt fylke dersom det er spørsmål til utfylling av skjema.

Vennleg helsing

Silje Anine Bell e.f.
avdelingsdirektør

Sigrun Heskestad
seniorrådgiver

Dokumentet er godkjent elektronisk

Vedlegg: Excel-skjema for rapportering av resultat og plantall

Helsedirektoratet - Divisjon primærhelsetjenester

Avdeling utdanning og personell
Sigrun Heskestad, tlf.: 24163511

Postboks 7000 St. Olavs plass, 0130 Oslo • Besøksadresse: Universitetsgata 2, Oslo • Tlf.: 810 20 050
Faks: 24 16 30 01 • Org.nr.: 983 544 622 • postmottak@helsedir.no • www.helsedirektoratet.no